



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykker:
Vår: 23/920 - 23/17026

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no

Dato:
26.07.2023

GBNR. 95/5 i Osterøy kommune - Oversending av søknad om konsesjon etter fusjon av selskap med avgrensa ansvar

Osterøy kommune har motteke søknad om konsesjon for erverv av gbnr.95/5 frå Lonevåg Beslagsfabrikk AS v/ Deloitte Advokatfirma AS. Søknaden vart registrert motteke 22. mai 2023. Søknaden vart ikkje handsama av kommunen før ikraftsetjing 7. juli 2023 av endring av forskrift 8. desember 2003 nr. 1479 om overføring av myndigkeit til kommunen etter mellom anna konsesjonslova.

Etter endringa er det Statsforvaltaren som har avgjerdsmynde i saker der selskap med avgrensa ansvar søker konsesjon.

I denne saka skjedde ervervet av eigedomen ved fusjon av føretaka Jojac AS og Lonevåg Beslagsfabrikk AS, med sistnemnde som overtakande føretak. Osterøy kommune oppfattar forholda difor slik at ervervet ikkje krev konsesjon. Det vert vist til rundskriv M-1/2021 pkt. 5.2.8 der følgjande er opplyst:

«Dersom et selskap med begrenset ansvar erverver landbrukseiendom, vil senere overdragelse av f.eks. aksjer i selskapet eller hele selskapet ikke utløse konsesjonsplikt. Eiendommen kan da reelt sett bli overdratt videre uten offentlig kontroll».

Eigedomen 95/5 vart oppretta etter samanslåing av gbnr. 95/5,6,7 og 19 i desember 2015. Eigedomen er i sin heilskap avsett til næringsføremål i gjeldande KPA.

Med bakgrunn i opplysningane ovanfor, vurderer kommunen at ervervet ikkje krev konsesjon. Som følgje av forskriftsendring vert søknaden likevel sendt Statsforvaltaren for vurdering og evt. avgjerd av spørsmålet om konsesjonsplikt.

Dersom Statsforvaltaren vurderer spørsmålet om konsesjonsplikt annleis i saka, vert det opplyst at kommune ikkje har motføresegner til at konsesjon eventuelt vert gitt.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Deloitte Advokatfirma As Avd
Bergen

Postboks 6013

5892

BERGEN